



Det er klart for mottaking av breibandsignal på Musland, men signala glimrar med sitt fråver...(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi pressar no på firmaet Direct Connect for å få fortgang i breiband-prosjekta dei har fått ansvaret for i Kvinnherad, opplyser IT-sjef i kommunen Arvid Huse til uskedalen.no

Også vi har fått fleire klager over at breibandet ikkje er på plass oppover i Uskedalen sjølv om kommunen og firmaet hadde årsskiftet som kontraktbunde frist for tilkobling.

- Eg hadde kontakt med firmaet seinast måndag. Dei har meldt at dei ikkje har fått svar på ein søknad om å bli tilknytta ei mast på Ølve som så skal formidla signala til Uskedalen og vidare innover fjorden. i Uskedalen skal signala gå via masta på Skårhaug.

På grunn av forseinkinga arbeidde dei imidlertid med ei midlertidig løysing med ei anna mast på Ølve og fredag skal dei rapportera til oss korleis det går med denne løysinga, opplyser Huse.

Direct Connect er eit landsomspennande firma med base i Follo som har spesialisert seg på radiobasert breiband og har eller har hatt ansvaret for slike prosjekt i 92 av kommunane her i landet.

Om Kvinnherad har det sidan i fjor stått å lesa på heimesida deira at stamnettet er klart og at kundemonteringa startar 5. januar 2009.

Den opplysningen blir meir og meir uaktuell.....

- Dette er for svakt og eg blir meir og meir irritert over brotne lovnader. No er vi oppe i ei ventetid på åtte minuttar på PC-ane våre, seier ein oppsittar på Musland til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen